

# **DAIAKONIPLAN**

## **FOR**

# **LINDÅS**

## **2011-2013**



*Visjon for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja:*

**"Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte,  
verkeleggjort gjennom liv og teneste."**

**Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Det er evangeliet i handling og vert uttrykt gjennom**

**-Nestekjærleik**

**-Inkluderande fellesskap**

**-Vern om skaparverket**

**-Kamp for rettferd**



## **DAKONI:**

Diakoni er **teneste** for medmennesket og skaparverket og teneste for Gud. Ny diakoniplan for Den norske kyrkja vart vedteken på kyrkjemøtet i 2007, og skal danna utgangspunkt for lokal diakoniplan. Den lokale diakoniplanen skal vera ein arbeidsreiskap som kan gje kyrkjelydane anledning til å utvikla og fornya arbeidet sitt.

Diakonien har vore ein del av kyrkja gjennom heile kyrkjhistoria. **Diakoni er ikkje noko kyrkja gjer i tillegg til det viktigaste, men det er ein del av det viktigaste.** Det er ein del av det å vera eit truande menneske. Vi er skapte i Guds bilet til å vera medmenneske. Evna til å gjera det gode er lagd ned i alle menneske (Rom. 2,14). Som Kristus elskar oss skal vi elskva kvarandre og syna omsorg for kvarandre. Hjå den som trur på Kristus er trua verksam i kjærleik (Gal.5,6).

Å gjera trua verksam i handling inneber å spørja: **Kven er nesten min?** (Luk. 10,29-37) Det er og å stilla seg til disposisjon både som fellesskap og enkeltperson, og spørja: **Kva vil du eg skal gjera for deg?** (Luk.18,41) Diakonien har eit særskilt ansvar der få eller ingen bryr seg. Det kan handla om mobbing, sjukdom, sorg, samlivsbrot, rusproblem, hiv og aids, fattigdom og kriminalitet.

Diakonien utfordrar oss til å vera oppmerksam på kven som manglar i fellesskapa våre og kven som fell utanfor i lokalmiljøet vårt. Kyrkjelydane kan vera pådrivararar i fellesskapstenkning og nettverksbygging, og ein **iktig positiv faktor i mellomrommet som finst mellom dei behov menneske kan ha og det som offentlege instansar maktar å gjera.**

Kyrkja har også eit ansvar i miljøspørsmål. Jorda med plantar, dyr og menneske er Guds skaperverk, og alt heng saman i eit økologisk samspel. Vi har eit ansvar for **korleis skaparverket vert forvalta**, og for **synet vårt på menneskeliv og menneskeverd**. Som kyrkje vert vi utfordra til **rettferd og solidaritet** og til å stå saman med dei som kjempar for livet. Menneske som lid vedkjem oss enten dei er nær eller held til i andre land. Som del av ein rik forbrukskultur vert vi utfordra til refleksjon rundt eigen livsstil og eigne haldningar.

Omsorg og nestekjærleik byggjer på **gjensidig teneste og hjelp, likeverd og respekt for integriteteten til den andre**. Diakonien rettar seg mot **alle aldersgrupper**, også born og unge. Den baserer seg ikkje på at nokon sterke hjelper dei svake, men at alle kan trengja ekstra omtanke og omsorg til enkelte tider i livet.

Diakonien utfordrar også til rekruttering, opplæring og oppfylging av **uløna medarbeidarar**. Diakonen er ein nøkkelperson i høve til dette. Han /ho har ansvar for å leia det diakonale engasjementet i kyrkjelydane og hjelpa til å få sett planar og prioriteringar ut i livet.

Lindås kyrkjelege fellesråd utarbeidde i 2008 dokumentet **“Fleire sokn-eitt oppdrag”** med målsetjingar for perioden 2009-2012. Diakoni er her teke med som eit viktig satsingsområde i åra som kjem, både med styrking av det diakonale perspektivet rundt gudstenesta og etablering av fellesskap for menneske i ulike livssituasjonar.

## **NESTEKJÆRLEIK**

### **Tiltak: Besøksteneste**

**Målsetjing:** Gje tilbod om sosial kontakt til menneske som på grunn av helsetilstand står i fare for å verta isolerte og einsame.

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg

**Ressursar:** Uløna medarbeidarar, midlar frå sokneråda til kurs og samlingar for uløna medarbeidarar.

**Samarbeid med:** Koordinator for "Samarbeid sjukehus/menighet" ved Haraldsplass Diakonale sjukehus, Pleie- og omsorgstenesta, Psykiatritenesta, Lag og organisasjonar (eks. helselag, pensjonistlag, bygdelag, indremisjonen, Røde Kors), Frivillegsentralen.

**Ansvarleg:** Diakoniutval og diakon.

### **Tiltak: Livssituasjonsgrupper**

**Målsetjing:** Dela tankar om ein livssituasjon som kjennest tung på grunn av ulike slag tap . Det kan gjelda: dødsfall, skilmisses (sorggrupper) , eigen sjukdom eller sjukdom i familien (pårørandegrupper).

**Tid for gjennomføring:** Etter behov

**Ressursar:** Støtte frå kommunen, midlar frå soknerådet, uløna medarbeidarar med eigne erfaringar.

**Samarbeid med:** Helse og sosialtenesta, psykiatritenesta, kriseteam, Kreftforeninga, palliativ omsorgsteneste, dei andre kyrkjelydane i Nordhordland.

**Ansvarleg:** Diakon og ressurspersonar ( fagpersonar eller menneske med livserfaringar) i lokalmiljøet

### **Tiltak: Julehelsing til etterlatne**

**Målsetjing:** Å visa at dei som har mista nokon i løpet av året er sett og hugsa av kyrkjelyden.

**Tid for gjennomføring:** I desember kvart år.

**Ressursar:** Midlar frå sokneråda til innkjøp av blomar, uløna medarbeidarar som blomsterbud.

**Samarbeid med:** Kyrkjemkontora, fellesrådskontoret.

**Ansvarleg:** Diakon og diakoniutval

### **Tiltak: Roseprosjekt**

**Målsetjing:** Besøkja eldre i samband med fødselsdagen. Visa at dei ikke er gløymde av kyrkja.

**Tid for gjennomføring:** Runde og halvrunde fødselsdagar, ev. kvart år, frå fylte 80 år.

**Ressursar:** Økonomiske midlar og nok roseberarar.

**Samarbeid med:** Uløna medarbeidarar.

**Ansvarleg:** Sokneråd og diakoninemnd

### **Tiltak: Medarbeidarsamling**

**Målsetjing:** Visa at dei uløna medarbeidarane sin innsats er viktig.

**Tid for gjennomføring:** Ein gong i året

**Ressursar:** Økonomi, dei tilsette sin kreativitet, eigna lokale

**Samarbeid med:** På tvers av sokna, med organisasjonane

**Ansvarleg:** Dei tilsette og soknerådet

### **Tiltak: Allehelgensdag**

**Målsetjing:** At dei som har mista nokon i løpet av året skal kjenna seg hugsa, sett og ivaretekne av kyrkja.

**Tid for gjennomføring:** Allehelgensdag kvart år, der pårørande får særskilt invitasjon til å delta på gudstenesta.

**Ressursar:** Dei lokale kyrkjene, diakon.

**Samarbeid med:** Kyrjekontora og fellesrådskontoret

**Ansvarleg:** Prest og kantor

## **INKLUDERANDE FELLESSKAP**

### **Tiltak: Innvandrartreff**

**Målsetjing:** Visa inkluderande haldning overfor menneske som kjem frå andre land. La dei kjenna seg sett og rekna med, og la dei få dela av sin kultur med oss.

**Tid for gjennomføring:** Ein gong i året.

**Ressursar:** Økonomi, frivillege medarbeidarar.

**Samarbeid med:** Flyktingekontoret, Lindås læringsenter, språkopplæringa.

**Ansvarleg:** Sokneråda i kommunen, diakon.

### **Tiltak: Kyrkjekaffi**

**Målsetjing:** Danna fellesskap, og vera bevisste på å inkludera nye menneske i dette.

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg

**Ressursar:** Økonomi/ eigenbetaling, frivillege medarbeidarar

**Samarbeid med:** Konfirmantane, ulike tiltaksgrupper i kyrkja

**Ansvarleg:** Sokneråd og kyrkjekaffikomitè

### **Tiltak: Kyrkjeskyss**

**Målsetjing:** Praktisk tilrettelegging for at dei som elles ikkje ville klara det, kan få koma til kyrkja på gudstenester.

**Tid for gjennomføring:** Til og frå gudstenester

**Ressursar:** Frivillege medarbeidarar med bil

**Samarbeid med:** Kyrkjekontora

**Ansvarleg:** Sokneråd og kontaktpersonar for kyrkjeskyss

### **Tiltak: Ungdomsdiakoni og leiaroppfylging**

**Målsetjing:** Gje vakse diakonalt nærver i ungdomsmiljøa i kyrkjelydane, vera samtalepartnar, setja viktige tema på dagsorden og bidra til at dei unge kan finna sin plass i kyrkja.

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg

**Ressursar:** Uløna medarbeidarar, frivillege organisasjonar, helsesøster

**Samarbeid med:** Ungdomsklubbane, Salto, konfirmantarbeidet

**Ansvarleg:** Diakon og kateket/ kyrkjelydspedagog

### **Tiltak: Gudstenesteverkstad**

**Målsetjing:** Gje folk eigarskap til gudstenesta på tvers av alder, bakgrunn, evner og anlegg.

**Tid for gjennomføring:** 1 gong i året/ halvåret

**Ressursar:** Bedehus og kyrkje, menneske sin kreativitet, idear frå andre kyrkjelydar i landet, diakon, kateket, kantor.

**Samarbeid med:** Dei ulike tiltaksgruppene som finst i kyrkja, t.d. ungdomsklubb, konfirmantar, småbarnstreff, kyrkjering, bønnegruppe, bibelgruppe. Ulike organisasjonar, t.d. bedehus, musikklag, idrettslag, pensjonistlag.

**Ansvarleg:** Arbeidsgruppe veldt av soknerådet, prest.

## VERN OM SKAPARVERKET

### **Tiltak: Friluftsgudsteneste / Skaparverkets dag**

**Målsetjing:** Ei gudsteneste der ein har fokus på å ivareta Guds skaparverk og på miljøvern

**Tid for gjennomføring:** Ein gong i løpet av sommarhalvåret, til dømes i samband med Kristi Himmelfartsdag, pinse, jonsok, olsok, under Knarvikmila, i samband med kulturarrangement på Håkonshaugen eller Kystsogevekene

**Ressursar:** Nyttar felles marknadsføring med andre arrangørar, diakon

**Samarbeid med:** Idrettslag, Knarvikmila, skulelag, indremisjonen

**Ansvarleg:** Sokneråd og prest

### **Tiltak: Grøn kyrkjelyd**

**Målsetjing:** At kyrkjelydane i Lindås får sertifisering som grøne kyrkjelydar

**Tid for gjennomføring:** I løpet av 2012

**Ressursar:** Oppretta arbeidsgruppe som kan koma med forslag til tiltak og plan som kyrkjelydane forpliktar seg på å gjennomføra.

**Samarbeid med:** Ressurspersonar på bispedømekontoret, Changemaker, Naturvernforbundet

**Ansvarleg:** Fellesrådet og diakonen

## KAMP FOR RETTFERD

### **Tiltak: Fasteaksjonen**

**Målsetjing:** Auka engasjementet i høve til internasjonal diakoni. Vera med å arbeida for å utjamna avstanden mellom fattig og rik.

**Tid for gjennomføring:** Fastetida kvart år.

**Ressursar:** Materiell og ressurspersonar frå Kirkens Nødhjelp.

**Samarbeid med:** Kirkens Nødhjelp, konfirmantane, Changemaker.

**Ansvarleg:** Kateket / kyrkjelydspedagog, KN-kontakt oppnemnt av soknerådet.

### **Tiltak: Changemaker**

**Målsetjing:** Arbeida for ei rettferdig fordeling av ressursane på jorda. Changemaker er Kirkens Nødhjelp sin ungdomsorganisasjon.

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg, og retta mot konfirmantar.

**Ressursar:** Materiell, idear og ressurspersonar frå Changemaker sentralt eller frå lokalavdelinga i Bergen, diakon.

**Samarbeid med:** Kirkens Nødhjelp, kyrkjelydane i Nordhordland.

**Ansvarleg:** Kyrkjelydspedagog/ kateket

### **Tiltak: Misjonsprosjekt**

**Målsetjing:** Auka engasjementet for internasjonal diaconi og misjon. Arbeida for å utjamna avstanden mellom fattig og rik.

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg

**Ressursar:** Materiell og ressurspersonar frå misjonsorganisasjonane

**Samarbeid med:** Norsk Misjonsselskap, Normisjon ev. andre misjonsorganisasjonar

**Ansvarleg:** Sokneråd og misjonskontakt/ misjonsutval